

Seks års mareritt



VONDE ÅR: – Det har vore seks vonde år, seier Jan Ove Birkås (59). Han har brukt seks millionar på eit ubrukeleg kraftverk.

Foto: Ivar Longvastø

Jan Ove Birkås i Vadheim planla ei ny framtid med kraftverk på garden, men dårlege rådgjevarar øydela draumen. Familien sette gard og hus i pant for å klare kostnadene, men kraftverket til seks millionar er ubrukeleg.

Side 14-16

Smakfulle
SIGDAL KJØKKEN

Gravdal Bygg
Førde • 57 72 17 00
Florø • 57 74 78 48

BLINK
ensere & bygget
Gravdal Bygg AS

www.gravdal.no

Stor
eigedoms-
marknad
i dag


FIRDA

Elevar laga mat til dronninga



Side 8-9

Drøymedag på breen



Side 20-21

Kraftverksdraumen knus



SKAL UT: Begge dei to pelton-turbinane i kraftverket på Birkås skal ut og til våren erstattast av maskinar som kan produsere kraft. Jan Ove Birkås betalte 1,3 millionar pluss moms for utstyret som no vert

st av dårlege rådgjevarar

Kraftverket skulle koste to millionar kroner. Prislappen vart seks millionar, men til dags dato har kraftverket knapt produsert ein kilowatt. – Å seie at vi har vore uheldige er eit altfor mildt uttrykk. Eg føler at vi er utsett for ei kriminell handling, seier Jan Ove Birkås i Vadheim.

HØYANGER

Ivar Longvåstøl
ivar.longvastol@firda.no



Ifølgje Birkås skal konsulenten ha kome til at det var nok med seks-sju fundament i røyrgata. Birkås måtte bygge 110. Turbinen og generatoren kom eitt år før dei skulle monterast, men Birkås måtte starte å betale avdraga. Før arbeidet med røyrgata tok til, var heile budsjettet brukt opp. Kraftverket skulle levere ein effekt på 750 kW, men klarte mindre enn halvparten og stoppa etter kort tid.

Trugsmål om tvangsauksjon

Draumen om eit eige småkraftverk som skulle tryggje framtida på sleksgarden vart eit seks års langt mareritt for Jan Ove Birkås og familien. Heilt til det siste har dei hatt eit konstant trugsmål om inkasso og tvangsauksjon hengande over seg.

Det har budd folk på Birkås heilt tilbake til 1600-talet. Garden ligg på fjellet ti kilometer nord for Vadheim mot Guddal. Her har Jan Ove Birkås livnært seg av geitehald, men for nokre år sidan selde han mjølkekvoten.

Som så mange andre grunneigarar såg han ei framtid i småkraftverk.

– Eg tenkte at eit småkraftverk ville gjere det meir attraktivt for etterkomarane å busetje seg her, fortel Birkås.

I 1999 starta planlegginga av kraftverket i Sagelva, der det ein gong stod ei gammal tømmerseg. Då hadde familien nettopp betalt det siste avdraget på lånet til driftsbygningen, men det som skulle bere von om nye, spennande tider på garden, vart starten på eit langt mareritt.

– Skulle gå veldig greitt

Gjennom ein person i familien vart Birkås tipsa om det som skulle vere ein dyktig konsulent.

– Eg leit på dette rådet. Konsulenten gav inntrykk av at alt skulle gå veldig greitt. Han skulle ta seg av prosjektering, kostnadsoverslag og avtalar med banken.

– Konsulenten la fram eit budsjett på to millionar kroner, og dette vart godteke av banken, men eg hugsar at kona mi stussa. To millionar er altfor lite, sa ho.

Allereie under bygginga av dammen og røyrgata oppstod det problem.

– Konsulenten hadde planlagt seks-sju fundament, men vi enda opp med 110, fortel Birkås.

Pengane rann ut

– Han var veldig snar til å bestille røyr og maskinar til kraftverket. Prisen på turbin og generator var 1,3 millionar pluss moms, og allereie der var langt over halvparten av budsjettet brukt opp, fortel Birkås.

Det var på dette tidspunktet at gardbrukaren byrja å fatte mistanke om at ikkje alt var som det skulle. Han oppdaga

at konsulenten, Ørn Standnes, var hovudaksjonær i selskapet som fakturerte maskinane, EMG Energi AS i Bærum.

For å få bygt dammen på fjellet og dei 110 røyrfundamenta oppover lia, måtte Birkås bruke helikopter og leige inn arbeidsfolk. Han sjolv og familien tok mange tunge tak, men det var ikkje nok. Dermed rann pengane ut.

Store private lån

– Det vart vanskeleg å få lån utan å gå inn med meir eigenkapital. Eg måtte låne store summer privat som eg truleg aldri klarer å betale tilbake, seier Birkås.

Familien har gått inn med kring ein million kroner i reine pengar. Kompensasjonen for mjølkekvoten gjekk rett inn i kraftverket, det same gjorde arven til kona og lån frå dei næraste.

– Det er ikkje særleg kjekt å gå til mor si på 89 år og be om å få låne pengar. Vi måtte bruke alt som var å oppdrive. Slikt set sitt preg på heile familien, seier Birkås.

59-åringen er lett i kroppen og ser bra ut, men stundom har han problem med å finne orda og han må svelge ein klump i halsen.

Den vonde søndagen

Blant dei verste minna er den søndagen i mai 2003 då kraftverket skulle prøvekjørast.

– Trass i alle problema og ekstrarekingane så trudde eg at no, endeleg, skal vi komme i gang og produsere og sjå framover.

Men maskineriet fungerte ikkje. Representantane frå den islandske produsenten Fiskvelar konkluderte med at dersom dei sette inn nye maskinar, så skulle dei klare ein effekt på 300 kW. Anlegget var i utgangspunktet prosjektert for 750 kW.

– Då skjønnte eg at dette kunne vi berre gløyme. At dette var ein fiasko, seier Birkås og bit tårene i seg.

Sidan den maidagen har kraftverket i Sagelva knapt vore i drift. I løpet av våren neste år skal dei gagnlause maskinane skiftast ut, etter at Småkraft AS har overteke kraftverket.

Skuffa over banken

– Ja, eg var naiv. Voldsomt naiv, men eg leit sånn på at eg hadde fått ein god rådgjevar, seier Birkås.

Han fortel historia si for å åtvare andre mot dei fellene ein kan gå i. Utbygging av småkraftverk har frå mange hald blitt framstilt som redninga for bygdene.

Jan Ove Birkås er også skuffa over den lokale banken, Fokus Bank i Høyanger. Han meiner at banken ikkje hadde kunnskap om småkraftutbygging og godtok planane ukritisk.

– Banken tok pant i garden, bilen og i kraftverket, men dei «gløymde» å ta med fallretten. Det trur eg berga meg på den måten at eg kan få inntekter frå kraftverket i framtida, seier Birkås.

Han opplevde det som svært vondt at den lokale banken sette eit inkassobyrå på familien og truga med tvangsauksjon på garden.

Småkraft AS tek over

I sommar overtok Småkraft AS kraftverket og gjelda. Det betyr at selskapet leiger fallrettane i 40 år og deler inntektene med grunneigar.

– Det var den beste løysinga for meg no, fastslår han.

Framleis sit Birkås igjen med eit privat lån på vel 700 000 og han må selje gravemaskinen som var innkjøpt til anleggsar-

«Det er ikkje særleg kjekt å gå til mor si på 89 og be om å få låne pengar»

Jan Ove Birkås



TØRT: Det har knapt rent vatn mot skovlone på denne turbinen.

Garden Birkås



SLEKTSGARDEN: Det har budd folk på Birkås sidan 1600-talet. For få år sidan selde dei gettemjølkkvoten for å investere i eiga vasskraft.



■ Garden Birkås ligg 10 kilometer nord for Vadheim, i retning Guddal.

beidet. Begge delar er til å leve med, for no ser han enden på marerittet. I april neste år installerer Småkraft ny turbin, generator og kontrollanlegg, og då skal det endeleg bli produsert kraft frå Sagelva.

Les meir på neste side

Framhald frå føregåande sider

Småkraft AS kjøpte kraftverket

Småkraft AS kjøpte i sommar kraftverket til Jan Ove Birkås og kastar ut alt som står inne i stasjonen. Selskapet investerer 2,5 millionar i nytt utstyr for å få kraftverket i drift.

– Det er to år sidan vi vart gjort merksam på problema til Birkås. Vi foreslo då tekniske forbetringar for å få anlegget til å fungere, men banken ville ikkje vere med vidare, seier dagleg leiar Rein Husebø i Småkraft AS.

Dette er eit selskap som Skagerak Energi, Trondheim Energiverk, Agder Energi, BKK og Statkraft eig, og som spesialiserer seg på utbygging av mindre kraftverk i samarbeid med grunneigar.

– Har vore maks uheldig

Rein Husebø meiner at det ikkje går an å vere meir uheldig enn Jan Ove Birkås.

– Eg har vore i denne bransjen i over 20 år, men eg trudde ikkje at det gjekk an å levere eit så dårleg kraftverk.

Husebø er også svært kritisk til den lokale banken.

– Dei skulle ikkje late han sette seg i så stor personleg gjeld som Birkås og hans familie har gjort. Birkås burde i staden ha gått inn med eigenkapital og etablert eit aksjeselskap, eller på annan måte teke kontroll med den samla risikoen, seier Husebø.

– Etter mi meining har banken ansvar for at Birkås tok større risiko enn godt var, og difor burde dei også ha teke ein større del av tapet, meiner Husebø.

– Er berre sprøyt

– Men har ikkje Birkås vore uvanleg naïv?

– Problemet til grunneigaren er at han ikkje er fagmann, og då er det ikkje lett å overprøve dei faglege råda.

– Konsulenten hevdar at pro-



HJELPAREN: – Vi gjekk inn for å prøve å hjelpe Birkås ut av uføret, og då vi oppdaga at ingen andre ville ta i kraftverket, såg vi inga anna løysing enn å overta det, seier dagleg leiar Rein Husebø i Småkraft AS.

Arkivfoto: Harald Bratland Carlsen

blema botnar i at Birkås oppgav feil fallhøgd?

– Det er berre sprøyt. Litt lågare fallhøgd utgjør minimalt i denne samanheng. Problemet er knytt til generatoren og turbinen som ikkje fungerer saman.

– Kva synst du om at konsu-

lenten skipar eit nytt selskap i same bransje?

– Det hadde eg aldri trudd. Det er veldig viktig at folk er på vakt, seier Rein Husebø.

– Må vurdere risikoen

– Kvifor gjekk Småkraft inn dette prosjektet, det er neppe

berre for å vere grei?

– Vi gjekk inn for å prøve å hjelpe Birkås ut av uføret, og då vi oppdaga at ingen andre ville ta i kraftverket, såg vi inga anna løysing enn å overta det. Økonomisk har vi liten gevinst på dette.

– Kva er lærdommen?

– Dei som har planar om utbygging, må sette seg grundig inn i risikoen. Det er feil at kraftverk er risikofritt, og ein må velje løysingar som reduserer risikoen. Dette gjeld både økonomisk og teknisk. Ein må unngå å hive seg på ei opphaussa stemming, seier Husebø.

Konsulenten konkurs, startar nytt selskap

Konsulenten som Jan Ove Birkås brukte, Ørn Standnes i EMG Energi AS, gjekk konkurs i april. I september i år er Standnes i gang igjen i same bransje gjennom føretaket Energi Mini-turbine Gear.

Denne gongen som enkeltmannsføretak. Energi Miniturbine Gear Ørn Andersson Standnes, som er det fullstendige namnet, vart etablert 20. september får Firda opplyst i Bronnøysundregisteret.

Dette skjer altså fem månader

etter at Standnes sitt førre selskap gjekk konkurs, og etter klager frå fleire utbyggjarar som føler seg lurt.

– Så er fanden laus...

Ørn Andersson Standnes, som namnet tilseier, har slektsrøter i Bygstad, var lite villig til å svare på konkrete spørsmål då Firda ringde han torsdag morgon.

Standnes kjem likevel fram med det som etter hans meining er hovudgrunnen til vanskanen.

– Birkås hadde ikkje målt opp fallhøgda til kraftverket rett. Han bomma med 10–15 prosent, og så er fanden laus, seier Standnes.

Han vil ikkje kommentere Birkås sine påstandar om at Stand-

nes gjorde store feil i høve til budsjettering, bygging av røyrgate og val av turbin og generator.

– Det er feilaktig, seier Standnes.

– Kan du svare på desse konkrete påstandane?

– Du får sende spørsmåla til meg.

– Har du ei epost-adresse?

– Du kan sende dei i posten.

– Sjå på tunet hans

Standnes meiner elles at journalisten bør lese sin ABC om kraftutbygging for han stiller spørsmål, og han meiner at Birkås aldri burde ha starta med dette.

– Det er mange som ikkje burde bevege seg inn på dette. Du kan sjå på tunet hans, så

skjonar du kvifor, seier Standnes.

Ørn Standnes har ifølgje telefonkatalogen tittelen sivilingeniør og han er busett på Stabekk i Bærum kommune.

Den siste tilgjengelege rekneskapen for konkurstråka EMG Energi AS, viser at selskapet i 2003 omsette for knapt to millionar kroner og gjekk med ein halv million i underskot. Årsmeldinga fortel at selskapet dreiv med utvikling og sal av vasskraft-turbinar.

Gode utsikter...

Ørn Standnes eigde 68 prosent av selskapet og var dagleg leiar og styreleiar.

Revisor gjorde merksam på at

rekneskapen ikkje var levert innan fristen, og at skattetrekk-smidlar ikkje var sett av på eigen konto. I årsmeldinga var elles tonen optimistisk:

«Resultatet av tidlige års og årets utvikling av EMG turbinese har gitt selskapet et negativt resultat, men ledelsen anser utsiktene for å være gode de neste år».

Noko må ha gått skikkelegale, for 19. april i år var selskapet konkurs, og 5. august vart bubehandlinga innstilt fordi der ikkje var pengar i buet til å dekkje kostnadene ved vidare behandling.